



Kviteseid misjonskyrkje

MISJONSKIRKEN NORGE

Referat frå styremøte 6. august 2024

Til stades:

Ane S. Holm (2024-2025)

Åsbjørg Hægeland (2023-2024)

Sak 3/24: Godkjenning av referat frå sist styremøte

Referatet vart godkjent utan merknader.

Sak 4/24: Planlegging av haustsemesteret

Vi snakka om vidare verksemd og at vi har lyst å «kaste garna ut på ny». Vi ønsker å halde fram med sundagsmøte om lag eig gong pr måned. Vi la ei skisse for hausten og snakka om kvar talarar vi ønska å invitere. Vi går i dialog med Speidaren om dei kan vere saman med oss å arrangere ein kveld med suppe, utlodding (til speidaren) og program.

Sjå vedlegg for detaljar i haustens program.

Vi drøfta om vi skulle ha eit overordna tema for hausten. Vi kom til at «Sjå opp!» (Løft blikket) kan vere ei god overskrift som rommar mykje at det vi vil: Sjå opp for å fokusere på Guds storleik, kjærleik, nåde osv, Sjå opp for å få hjelp til å ikkje bli motlaus av all uro, Sjå opp og sjå medmenneska våre, Er det også noko vi treng å sjå opp for, vere obs på?

Vi sette opp eit forslag på at vaskejobben på Betel går over til å bli fordelt på 4-5 husstandar med to månader kvar i året. Vi må avklare med desse om dette er greitt.

Vi startar opp att med bønn i veke 33, altså 14. august.

Ref. Åsbjørg Hægeland

